



Hobbyklubben samla fullt bedehus måndag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Måndag kveld var det rekord-oppmøte i Hobbyklubben i Bedehuset. Ikkje berre møtte det 38 medlemmer til dei ymse gruppene, det var også mellom 15 og 20 foreldre til stades.



Fotograppa leia av Ivar Langeland arbeide under høgtrykk. Her er Silje Mathiesen, Carina Totland Hansen, Ida Legland og Ellen Karin Moen modellar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei siste var spesielt inviterte for å sjå kva dei unge syslar med i Hobbyklubben og foreldra fekk eit levande inntrykk av stor aktivitet og engasjetemt både i fotograppa, gruppa for bilar og fly, avisgruppa og hobbygruppa. Samstundes arbeide kjøkenavdelinga under høgtrykk med masseproduksjon av vaflar. Det vart ein hektisk, men effektiv time.



Bil- og flygruppa i arbeid. I forgrunnen sit Kjartan Tungesvik og Johannes Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)